



Sogningen Kjartan Lauritzen kjem til Festidalen 2020.

Sjølvsagt skal rap og rock runga over sommarjordet på Dønhaug. Og det på festlegast mogeleg vis. Kjartan Lauritzen er ein av landets mest positive stemningsskapar. Sogningen har, trass sin unge alder, alt vorte definisjonen på helg, vorspiel, fest og nachspiel. Gir deg opp med bængers som Fredag, Porno, Fenomenet og Havanna. Låtar som kastar kva helg som helst inn i rett bane.

Black Debbath har i to tiår skapt begeistring, latter, galskap, og rockeriff frå ei anna verd. Humor og headbanging i søt elskov. Reinspikka kvalitet og frisk kødding med politikk og alt levande og dødt. Sjølv meiner dei at verda står i brann, og at einaste helande kraft er deira karismatiske rock. Me er samde. Dette er først og fremst råbra rock. Men ingen band kler rocken opp i meir underholdande drakt enn i Black Debbath. Sett på Den Femte Statsmakt, Tons of Rock, PILS og Problemer Innad i Høyre. Det løftar fram både smil og sjølvkjensla.

Med Gabrielle, AURORA, Black Debbath og Kjartan Lauritzen på plakaten luktar det deileg sommarfest lang veg. Årets superheite julegåvetips er altså berre klikk unna. Billettane er ute på juletilbod, så ta med deg ein til nokon du verkeleg er glad i.

Kommentarar frå bookingansvarleg Daidalos Dahle:

Black Debbath sett dagsorden. Dei hyller kvinner, Martin Schancke og Henrik Ibsen. Dei sparkar mot politikarar, monarkiet, system og haldningar. Dei smir riff i fandens flammor, dei kaukar himmelsk humor, og live så leverer dei eit rockesirkus der me alle er sjimpansar, løver og klovnar. Dei er den femte statsmakta.

Kjartan Lauritzen er ein kjernekar frå bygda. Og nett som oss kvinnheringar, så tek han ikkje seg sjølve høgtidleg. Og er det fest, så er det verkeleg det. På muntraste vis.

Kjartan Lauritzen såg eg første gong i 2015 i Høyanger. Då var han ikkje gamle karen. Og berre eit lokalt namn. Frå DJ'ens første tone gjennomførte Kjartan Lauritzen den raskaste husokkupasjonen i manns minne. Alle auger og øyrer var retta mot han. Sidan den gong har han bygd seg spisskompetanse i å halda stemninga skyhøgt oppe konsertane igjennom.

Tekst/foto: Pressemelding
Nett: Kristian Bringedal